

# Sluttrapport «Lettare litteraturnett» (del 1 og 2)

Ref. 2013/411

## Mål for prosjektet

I prosjektet "Lettare litteraturnett" ønskte Sogn og Fjordane fylkesbibliotek og Nordland fylkesbibliotek å utvikle ein metode for å bygge opp lokale litteraturnett på ein enkel måte. Dette for å leggje til rette for synleggjering og formidling av lokale forfattarar og litteratur i større grad. Prosjektet innebar å utvikle ein mal for oppbygging av litteraturnett, å finne løysingar for å hente ut data frå opne kunnskapskjelder og deretter å formidle data inn i litteraturnetta.

I prosjektet ville vi basere oss på prinsippet om lagring av data ein stad, og aktiv bruk av eksisterande kunnskapskjelder som Wikipedia og Nasjonalbiblioteket sine databasar. I utviklinga av teknisk løysing ville vi bruke open kjeldekode og tilgjengeleg teknologi.

Separate litteratur-/forfattarnett for Nordland og for Sogn og Fjordane skulle bli etablerte basert på løysinga som blir utvikla, og programvare og metodar frå prosjektet tilgjengeleggjorte og fritt kunne brukast av andre aktørar som vil etablere litteraturnett

## Gjennomføring

### Fase 1

Prosjektet starta opp i 2014, det har av ulike grunnar trekt ut i tid. I søknad om vidareføring av prosjektet (jf. ref #2a3ad43) februar 2016, vart det sendt ein statusrapport for prosjektet så langt. I korte trekk var då stoda at ein hadde

- utarbeidd kravspesifikasjon og lyst ut utviklingsoppdraget i Doffin
- inngått avtale med Netpower AS for utviklingsarbeid
- arbeidd med å registrere nye artiklar og oppdatert eksisterande informasjon om lokale forfattarskap i Wikipedia
- byrja utviklingsarbeidet, der ein nytta WordPress, og var i ein første testfase

Vi såg at det i hovudsak fungerte som vi **ønskte**; vi fekk hausta artiklar frå Wikipedia, som blei kopla med informasjon frå Nasjonalbiblioteket og presentert samla på nettsidene. Det stod likevel att ein del utviklingsarbeid, feilretting og ferdigstilling av funksjonar, noko vi rekna med skulle vere utført i løpet av relativt kort tid. Lansering vart planlagt sommaren 2016.

Statusrapport og søknad om ein fase 2 vart sendt, og tildelt 120 000 til slutføring av prosjektet.

### Arbeid etter statusrapporten

Det vart arbeidd vidare med ferdigstilling, og hausten 2017 vart prosjektet presentert på Haakon Nyhuus-seminaret på Nasjonalbiblioteket.

Det viste seg at det vart ein del utfordringar med utviklar når det gjaldt ferdigstilling og levering av all funksjonalitet, og ikkje før sommaren 2018 kunne vi rekne første fase som gjennomført. I oktober 2018 overtok fylkesbiblioteka sjølve drifta, og Nordland fylkesbibliotek tok ansvar for drift og vedlikehald.

Resultat etter første fase var:

- To nettsider; [Forfattarar frå Sogn og Fjordane](#) og [Litteraturnett Nord-Norge](#).
- Funksjonalitet for å hente inn forfattaromtalar frå Wikipedia, og bokframsider frå nb.no, og presentere dette samla på forfattersidene.
- Søk via kart

- Søk/avgrensingar vha. kategoriar som sjanger, fødselsår, kjønn og kommune, og kombinasjonar av desse.
- Kart som viste næraste bibliotek i ein viss radius
- Høve til å melde seg på og sende ut nyhendebrev.

Det viste seg at vi hadde fått to godt fungerande nettsider, men vi hadde ikkje fått ei løysing/verktøy som var lett å dele, eller som enkelt kunne brukast å setje opp nye litteraturnett utan hjelp av leverandør/utviklar. Utviklingsarbeidet hadde også vorte meir kostbart og tidkrevjande enn forutsett.

Vi valde å avslutte samarbeidet med leverandør, og ville knytte til oss ny utviklar i fase 2 for vidareutvikling og for å få eit betre fungerande verktøy.

## Fase 2

Fase 2 hadde disse hovudaktivitetane:

- Utarbeide ei behovsanalyse
- Innhente tilbod på utviklingstenester
- Utviklingsarbeid
- Kvalitetssikring og publisering av kjeldekode

I 2019 jobba vi med å avklare kva som måtte rettast og forberast i verktøyet, og kva som skulle prioriterast innanfor rammene vi hadde. Vi valde å prioritere korleis programvara kunne forberast med tanke på deling.

Mykje innsats gjekk derfor i å rette opp og forbetre arbeidet som var gjort, og desse rettingane var til dels omfattande. Det var fleire årsaker til dette. I kravspesifikasjonen og anbodet i fase 1 kom det ikkje tydeleg nok fram behovet for fleksibel gjenbruk av programvara, at det som skulle utviklast burde vere frittståande Wordpress-plugins/-innstikk. I tillegg var kvaliteten på programvara som blei utvikla ikkje tilpassa dei krav som Wordpress stiller for å ta inn innstikkmodular/plugins i sitt arkiv (<https://wordpress.org/plugins/>).

Forbetringsarbeidet vart dermed i form av «pluginifisering» av funksjonane som var utvikla, slik at det vart frittståande Wordpress-plugins som enkelt kunne brukast av andre i eigne Wordpress-installasjonar.

Anbodet i fase 1 hadde som krav at det skulle utviklast funksjonalitet som skulle gjere det mogeleg å importere postar frå Wikipedia. I prosessen såg vi at funksjonaliteten her burde vore skild ut i separate innstikk. Dette var basert på sunn programmeringsskikk og fordi separate innstikk har vidare bruksområde, ikkje berre i eit litteraturnett-oppsett. Dette har resultert i innstikk for wikipediaimport, informasjon om næraste bibliotek, søk via kart og henting av bokframsider for visning i karusell. Denne oppdelinga og omkodinga har auka verdien av prosjektet monaleg.

### Innstikk/plugins som resultat av prosjektet

Innstikka som er utvikla kan tas i bruk i alle typar Wordpress-installasjonar uavhengig av litteraturnett. Ut frå funksjonalitet og innstikk som var utvikla i fase 1 har ein skilt ut og forbetra fire separate innstikk:

#### 1. *Innstikk for import av artiklar frå Wikipedia*

(wl-wiki-import – <https://github.com/roarnyg/wl-wiki-import>)

Hovudproduktet i prosjektet er eit innstikk som importerer artiklar frå Wikipedia til ein Wordpress-installasjon.

Innstikket lagar ein spesialtilpassa post/-innleggstype (Author), der det blir oppretta ulike felt for forfattarinformasjon. Vidare gjer ein via innstikket søk mot Wikipedia og importerer forfattarinformasjon frå Wikipedia til Wordpress-databasen. Informasjonen legg seg i dei definerte informasjonsfelt, og posten/innlegget blir presentert som ei side med forfattaromtale. Felta (t.d. kjønn, kommune, region) blir seinare brukt i søk/avgrensingar på sida. Innstikket handterer òg

synkronisering mot Wikipedia i ettertid, slik at endringar i Wikipedia fører til automatisk oppdatering i Wordpress-databasen. Innstikket kan avinstallerast utan at informasjon går tapt i Wordpress-databasen.

Det opphavlege innstikket frå fase 1 vart omskrive til Wordpress-standard. Endringane som er gjort gjer innstikket lettare å tilpassa i framtida. Framleis er det behov for å forbetra korleis søking skjer mot Wikipedia i høve avgrensing, merking av allereie importerte forfattarar og sortering av treff etter relevans.

## **2. Innstikk for å vise informasjon om næraste bibliotek**

(wl-nearest-library – <https://github.com/roarnyg/wl-nearest-library>)

Innstikket har to valfrie funksjonar for kart og adresseinformasjon. Kartet viser dei næraste folkebiblioteka. Det kan òg nyttast til å vise tekstinformasjon frå Base Bibliotek for desse biblioteka.

Innstikket brukar geolokasjon, som no til dags har blitt vanleg i datamaskinar og mobile einingar. Det nyttast til å vise både adresse og kontaktinformasjon samt kart frå Google Maps, anten kvar for seg eller samla. Det er naudsynt med API-nøklar hos Google, og ved særst stor trafikk kostar tenesta. Bibliotekinformasjon og koordinatar blir henta frå Base Bibliotek.

## **3. Innstikk for å vise interaktivt kart**

(wl-regional-map – <https://github.com/roarnyg/wl-regional-map>)

Innstikk brukt for å kunne vise regionalt, interaktivt kart for bruk ved søk etter forfattar pr. region/kommune.

Litteraturnetta hadde opphavleg søkbare kart som var hardkoda inn i publiseringsløysinga. Det gjorde kartfunksjonaliteten både sårbar og lite fleksibel. Ved å skilje karta ut vart programkoden meir stabil og den kunne brukast om att. Karta kan ha to nivå, eit for grupper av fylke og eit for kommunar i eit fylke. For å kunne ta i bruk kart, må karta vere koda som vektorgrafikk. I prosjektet er opne kartdata henta frå Wikimedia Commons og har blitt utvida med «data-url»-attributt for kvar kommune. Det inneber at det krevst ein viss innsats til grafisk design og til tagging av kommunar/regionar i kart før ein kan ta i bruk innstikket.

## **4. Innstikk for å vise karusell med bokframsider**

(wl-bookshelf-slider – <https://github.com/roarnyg/wl-bookshelf-slider>)

Bokframsider blir vist horisontalt i ein bildekarusell på kvar forfattarside ved at det blir gjort eit søk mot Nasjonalbiblioteket. Bildekarusellen blir automatisk vist på forfattarsidene som er oppretta vha. importinnstikket. Funksjonen kan også nyttast på andre Wordpress-sider ved setje inn ein kortkode med søkestreng på forfattarnamn.

## **Vegen vidare**

Sjølv om innstikka har utvida bruksområda og kan brukast uavhengig av litteraturnettsider, og dermed har gitt betre og vidare prosjektresultat, er det framleis forbettringsområde. Per no er ikkje innstikka publiserte hjå Wordpress.org, men vi undersøker korleis det kan gjerast. Noko dokumentasjon bør gjerast betre slik at det blir lågare terskel for å nytte innstikka. Vi planlegg å få betre dokumentasjon i løpet av våren 2020, dette blir tatt inn i det vanlege arbeidet til fylkesbiblioteka.

I tillegg til utviklingsarbeidet/arbeid med teknisk løysing har det heile tida blitt arbeid med å legge inn innhald/forfattaromtalar. Dette er no vidareført som del av arbeidet i fylkesbiblioteka.